



Karsten Oma

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/622 - 15/23970

Saksbehandlar:

Benjamin Hicks

Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:

30.06.2015

## Svar på spørsmål i epost av 25.05.2015 - gbnr 196/79 Midtgård

Eg ber om orsak for sein tilbakemelding.

Slik eg forstår dykkar førespurnad, ber du at vi presiserer vårt brev av 11.05.2015.

### Samla bruksareal:

I fylgje punkt 2.14 i føresegnene til kommuneplanen står det at:

*«Bygd areal (BYA) skal ikkje overstige 20%. Samla bruksareal (BRA) for bustad, garasje og uthus skal ikkje overstige 400 m<sup>2</sup>. Dersom det ikkje er bygd garasje samtidig med bustaden, skal det ved utrekning av samla bruksareal (BRA) reserverast minst 36 m<sup>2</sup> for bygging av frittstående garasje».*

Med «samla bruksareal» meiner vi det bruksarealet som ein skal legge til grunn ved utrekning av bruksarealet på eigedomen i samsvar med kommuneplanens føresegner. Opplysninger om bruksareal er ikkje ført inn i byggblankett 5174.

Det står vidare i punkt 2.14 at:

«Det vert ikkje opna [for] nye bueiningar eller næringsbygg på eigedomen»

Dersom du vel å søke om dispensasjon for etablering av ny bruksenhet, må det reserverast minst 36 m<sup>2</sup> for bygging av frittstående garasje også til den nye bruksenheten, jf. også punkt 1.15 i kommuneplanens føresegner.

Du har i søknaden opplyst at %BYA er på 19,53%. Samla BYA har du opplyst til å vere 333 m<sup>2</sup>. Dersom dette er tilfelle, må samla bruksareal vere større enn 400 m<sup>2</sup> då bustaden går over to etasjer. Dersom samla bruksareal for eigedomen utrekna etter kommuneplanens føresegner er større enn 400 m<sup>2</sup> må det sendast inn søknad om dispensasjon om tiltaket skal realitshandsamast.

Ved innsending av tilleggsinformasjon som nemnt i vårt brev av 11.05.2015 ber vi at det leggst ved rekneskap for %BYA og samla bruksareal.

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Kommuneplanen er tilgjengeleg via nettsiden [www.bing.nu](http://www.bing.nu)

Vi viser elles til rettleiaren «grad av utnytting» som er tilgjengeleg på [www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no)

Dispensasjon frå plankravet:

Du har søkt om dispensasjon frå plankravet då omsøkte tiltak ikkje er eit «mindre tiltak». Vi gjer merksam på at dei andre krava i føresegnene til kommuneplanen vil likevel gjelde med mindre det også gis dispensasjon frå dei.

Med helsing

Benjamin Hicks  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

*Sendt via epost til mottaker.*